

Vort Norrig er eit fagert land

Tone: For Norge kjæmpers fødeland

1) Vort Norrig eit fagert land
kan gjeva folket treva
gjev rikleg føda til den mann
so elska visleg leva
men yver evnor – kos i alt
daa nei so sant, det vert for galt
den gamle nordmanns hug er kvalt
aa væra skuldlaus frie

2) Etit lite folk eit lite land
det fær no lite voga
han farr vel sjaa ein styresmann
paa inntekt aa utloga
eit lite folk paa visleg veg
utruleg lenge greier seg
men krig aa brand, uff, tette meg
maar folk i villa sveva

3) Eit lite folk eit lite land
vort Norrig er i grunnen
med visleg styr daa ingjen mann
skull mangla mat i munnen
men soleis so ein no fær aat
aa øydar ut, so verte graat
aa saknad til ein jammerlaat
folk kan seg ikkje greia

4) Aa bur ein i eit magert land
so faar ein magert leva
aa sparsemd lera litegrann
aa smyrja tunt paa skjeva
aa heller ikkje faar ein sjaa
paa andre land kva dei finn paa
de' slutt med dei so heve raa
aa gjera kva dei lysta

5) Eit lite land i skuld aa gjeld
seg ikkje stort kan gjara
de' smaae midlar, smaaleg stell
so høve sams aa væra
naar kvar er tru i ord aa gjerd
lat liggja roleg spjot aa sverd
eit sore folk er livet verd
aa faar i freden leva

6) Eit fatigt land det skader oss
aa føda dei personar
so ikkje legg to straa i kross
men øydar millionar
men slik aa neira pineri
er leivning fraa den myrke tid
daa kvar mann ordna lønni si
paa fleire tusen kroner

7) Aa so attaat, det galna er
ein pantset heila lande
ein laaner peng til spjot aa sverd
en myrda vil sin grande
i tru aa bøn ein ligg paa kne
aa ber um himlens ro aa fred
so held ein paa aa sabla ned
kan større hemnhug være

8) So gjev os Gud eit folkefærd
so vil i freden leva
ein bondestam, ein arbeidshær
som tru til dauden stræva
so heve land aa fridom kjær
aa trodsar det som djevelsk er
som takkar deg for mat aa klær
i tru paa deg vil døya